

**Fra:** Julie Daling  
**Sendt:** 4. februar 2015 15:53  
**Til:** 'Torunn Johanna Rosnes'  
**Kopi:** Arnold Matre; Christian H. Reinshol  
**Emne:** Førespurnad om oppstart Lonena  
**Vedlegg:** Vurdering av planprosess for Lonane\_plansak.pdf

Hei

Viser til førespurnad om oppstartsmøte for områderegulering av Lonena.  
Vedlagt planvedtak der plan og miljøutvalet har gjort følgjande vedtak:

**«Fellesframlegg:**

I medhold av Pbl §12-2 vedtar plan- og miljøutvalet at videre regulering av området Lonena kan gjennomførast i tråd med gjeldande kommunedelplan.

Det skal utarbeidast ein områdeplan. Plan- og miljøutvalet er positiv til at det vert eit privat offentleg samarbeid. Plan- og miljøutvalet forutsetter at kostnadene ved utarbeiding av plan blir å dekke av utbyggjar.

Fellesframlegget vart samråystes vedteke».

I fyrste omgang ønskjer planavdelinga å be om eit utkast til avtale der Planfremjar tek på seg dei økonomiske forpliktingane som følgjer med planarbeidet.  
Det vert vist til plan- og bygningslova sin §12-2 andre ledd.

Vi har hatt ei runde på kva rolle kommunen har i høve dette planarbeidet. Når det gjelder områderegulering så er utgangspunktet at dette er kommunen sin plan. Etter § 12-2 andre ledd i plan- og bygningslova skal områderegulering utarbeidast av kommunen, men det framgår også av lova at kommunen likevel kan overlate til andre mynde og private å utarbeide forslag til områderegulering.

Administrasjonen vurderer det slik at lov om offentlig anskaffelse ikkje slår inn, der kommunen overlet til private å utarbeide forslag til områderegulering. Det må også gjelde i forhold til det valget dei private gjer når det gjeld konsulent. Oppdragsgjevar er då ikkje kommunen, men dei private som kommune har overlete oppgåva til.

Føresetnad for samarbeid om områderegulering:

- Politisk forankring
- Tillit mellom utbyggjar som finansierer planarbeidet og kommunen sin administrasjon.
- Plankonsulent som forstår planprosessen og si rolle; «må oppfatte både kommunen og betalande utbyggjar som oppdragsgjevar».

Eit oppstartsmøte må definere nærmare premissane for planarbeidet og organisering av arbeidsgruppe og politisk styringsgruppe. Vi gjer merksam på at det riktige namnet for planområdet er *Lonena*.

Vi kjem attende til dato for oppstartsmøte. Vi må kalle inn fleire avdelingar frå kommuneadministrasjonen, også for å ivareta omsyn til teknisk- og sosial infrastruktur.

Planavdelinga har diverre ikkje e-post kontakt til SR-Bank og føreset at de som konsulent vidareformidlar denne e-posten.

Med venleg helsing

**Julie Daling**

Lindås kommune  
Areal- og miljøeininger  
Tlf: 56 37 56 30